

Telemarksteppe




Namn:

Dato:


Teknikk	Enkel skilbragd
Renning	20/2 ubleika lin, Bockens
Innslag	Botn: 28/1 ubleika lin, Bockens Mønster: 2-tråds prydvvegarn 6/2, Rauma
Vevskei	50/10, 1 i hovel, 2 i tind
Skeibreidd	84,6 cm
Renneliste	846 trådar
Innslag per cm	6 mønsterinnslag + 6 botninnslag
Veving	-Start med 10 cm i toskaft for å ha nok til løpegang for oppheng.

-Sett på frynsetrådar i matterenning 2 cm frå kvar kant for å lage frynser. Tyng ned med lodd, til dømes syltetøyglas fylt med vatn.

-Nokre tips: Bruk høgre fot til toskafts-trøene, og venstre fot til mønster. Slå alltid mønsterinnslaget fyrst, så botninnslag. Når du trør ned botninnslag, trør ned den trøa på den sida skyttelen skal *ti* (eller motsett, men lag deg ein regel, og følg den heile livet).



Partimønster med forslag til fargar og bordar



Bordane for heile åkleet: A, B, A, B, A, B, A, B, A, B, A



Frynsetråd: Ein uhovla tråd i matterenning tynga ned med eit lodd kan hjelpe for å lage frynser



Eit telemarksteppe vove med oppsett i enkel skilbragd



Slik kan eit telemarksteppe sett opp i enkel skilbragd sjå ut. I tillegg til skyttelen med mønsterinnslag treng du ein skyttel til fylt med tråd av lin for å binde botnbindinga.